

## **”Orkesterplass til Lofotveggen”**

**Landskapskarakter og reiselivsprofil  
for Bø-området på Engeløya i Steigen**

**Hanne Lykkja  
Seksjon for landskap**





<b>Tittel:</b>	<b>Orkesterplass til Lofotveggen</b> Landskapskarakter og reiselivsprofil for Bø-området på Engeløya i Steigen	<b>NIJOS-rapport</b> nr. 15/98
<b>Forfatter:</b>	Hanne Lykkja	<b>ISBN nummer:</b> 82-7464-146-9
<b>Oppdragsgjevar:</b>	Steigen kommune	<b>Dato:</b> 20.10.98
<b>Fagområde:</b>	Landskapskartlegging. Vurdering av landskapet som ressurs for miljøbasert reiselivsutvikling.	<b>Sidetal:</b> 24
<p><b>Utdrag:</b> Denne rapporten tek for seg landskapsressursane som grunnlag for reiselivsutvikling i eit område på Engeløya i Steigen kommune. Oppdragsgjevar ynskte å få ei vurdering av eit planlagt reiselivstilbod i forhold til landskapet. Reiselivsbedrifta er førebels på skissestadiet. NIJOS har ikkje vurdert planane om reiselivssatsing i forhold til marknadssida.</p> <p>Landskapet i jordbruksbygda Bø på Engeløya har tre klare reiselivsprofilar: Desse er knytta til det storslagne panoramaet mot Lofotveggen og midnattsola, den dramatiske krigshistoria kring Batteri Dietl og til dei mange og rike fornminnene på øya. Her er flotte strender og gode høve for fine fjellturar. Planane om eit senter for kurs innan natur, kultur og helse (forebygging/ rekreasjon) underbygger og utnytter reiselivsprofilane i området.</p>		
<p><b>Andre NIJOS publikasjonar:</b> Lesaren bør ha tilgang til NIJOS-rapport nr. 4/97 «Landskapet og reiselivsproduktet» som m.a. har eksempel frå reiselivsområde i Lofoten. Mange av faguttrykka nytta i denne prosjekt-rapporten er forklara i rapport 4/97, og her blir også metoden sett inn i ein større samanheng.</p>		
<b>Emneord:</b> Steigen Landskapsanalyse Miljøbasert reiseliv Profilering og Produktutvikling	<b>Keywords:</b> Steigen, Nordland Landscape Analysis Green Tourism Natural- and cultural landscape resources	<b>Ansvarleg underskrift:</b>  Oskar Puschmann Seksjonsleiar
<b>Pris kr:</b>	110.-	
<b>Utgjevar:</b>	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging Postboks 115, 1430 Ås Tlf.: 64949700 Faks: 64949786 e-mail: nijos@nijos.no	



## Innhald

### Føreord

<b>1.</b>	<b>Litt om metoden</b>	2
	Kart over området	3
<b>2.</b>	<b>Landskapsanalyse Bø, Engeløya</b>	5
2.1	Landskapsskildring	6
2.2	Landskapsressursar og reiselivsutvikling	8
<b>3.</b>	<b>Steigen, Landskapskarakter og reiselivsprofil</b>	11
<b>4.</b>	<b>Bø landskapsområde, Engeløya</b>	13
4.1	Landskapsoppleving, natur og kultur	13
4.1.1	Panorama over Vestfjorden og Lofottindane	13
4.1.2	Dramatisk krigshistorie	13
4.1.3	Folk og virke gjennom 6000 år	13
4.2	Landskap som metafor	14
4.2.1	Kva gir trivsel og god helse?	14
4.2.2	Landskapskvalitetar og landskapsopplevingar i Bø	15
4.3	Bø, Engeløya og resten av Steigen	16
4.3.1	Reiselivstilbod i Bø sett i forhold til resten av kommunen	16
4.3.2	Helse, mat og mosjon	16
<b>5.</b>	<b>Landskapsfagleg vurdering av produktideen ”Helandia ”</b>	17
5.1	Helandia og det heilheitlege reiselivsproduktet	17
5.2	Kort oppsummering: Produkt og områdeprofil	19
5.2.1	Produktprofil	19
5.2.2	Produktområde	19
5.2.3	Plassering og byggestil	20
5.2.4	Profilering	20
5.3	Avsluttande kommentarar	21

### Kjeldemateriale

Litteratur	23
Personlege meddelingar	23

### Vedlegg

Landskapsregion 30. Nordlandsværran
Landskapsregion 46. Kystbygder i Helgeland og Salten



## Føreord

Steigen kommune er, i lag med Kvinnherad kommune i Hordaland og ni kommunar i Nord-Østerdalen, med i eit forskingsprogram for bygde- og næringsutvikling (BNU-programmet) ved Norges landbrukshøgskole på Ås. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) deltek i dette prosjektet som ein av dei frittstående forskings- og utgreiingsinstitusjonane tilknytta Ås-miljøet.

NIJOS har sidan 1987 arbeida med metodar for å kartlegge landskapet som ressurs i reiselivssamanheng. Det er særleg dei kvalitetane som er knytta til areal (områdedimensjonen i reiselivet) NIJOS arbeider mest med å kartlegge. Metodane som ein no legg til grunn er skildra i metoderapporten ”Landskapet og reiselivsproduktet” (Kamfjord m.fl. 1997). Metoden går ut på å kartlegge landskapskarakter for den landskapsregionen og dei underregionane som reiselivsutviklinga er tenkt gjennomført i. Vidare blir det gjort ein analyse av landskapskarakter og reiselivsprofil for det landskapsområdet der bedriftene eller reiselivstiltaka held til. På denne måten kan ein setje reiselivsbedrifta/tilbodet inn i ein regional samanheng og seie noko om komparative fordelar, styrke og svakheiter, i forhold til resten av underregionen og/eller landskapstypen som området ligg i.

NIJOS arbeider spesielt med samhengane mellom landskapskarakter og reiselivsprofil. I dette prosjektet har NIJOS gjort ei vurdering av potensiale for utvikling av eit reiselivstilbod innan paraplyen natur-kultur-helse («NaKuHel») i Bø på Engeløya i Steigen kommune. Pga. knappe ressursar (5 dagsverk i felt og 5 dagsverk rapportskriving), bør lesaren ha tilgang til rapporten «Landskapet og reiselivsproduktet», for å kunne plassere arbeidsmetoden.

Rapporten er laga for Steigen kommune for å vurdere *produktideen «Helandia» i forhold til landskapet*, før ein evt. går i gang med vidare planlegging og andre investeringar her. Det ligg ikkje føre noko skrive materiale eller konkrete skisser. Det er heller ikkje avklara om dei føreslegne områda ved Grådussan vil få klarsignal frå t.d. arkeologiske interesser eller frå eventuelle grunneigarar. Sidan budsjettet ikkje tillet vidare metodeutvikling, er analysen av produktidéen i forhold til reiselivsprofilen skriven i ei muntleg og meir personleg form. Denne delen av rapporten må kallast kvalifisert skjønn, og er tilpassa produktidéen slik forfattaren har oppfatta den i samtalar med prosjekteigar.

Frå NIJOS deltok Hanne Lykkja og Roar Lågbu i felt. Hanne Lykkja har skrivi rapporten. Fotografia er tekne av Anne Grethe Bjørlo (AGN), Roar Lågbu (RL) og Hanne Lykkja (HL).

Ås, den 15.10.98

Oskar Puschmann





## 1. Litt om metoden

Norge er delt inn i 45 landskapregionar (Elgersma, 1996), basert på felles kjenneteikn når det gjeld naturgrunnlag, arealbruk (inkludert historisk bruk av landskapet), busetnad og andre kulturspor, og totalinntrykket av desse hovudkomponentane.

Landskapet i Steigen kommune ligg innanfor følgjande regionar: Region 30: Nordlands-værran, 29: Kystbygdene i Helgeland og Salten og 32: Fjordbygdene i Nordland og Troms. (Skildringar av dei tre regionane er lagt ved rapporten, sjå vedlegg 1). På Engeløya er landskapsområdet Valsvær-Lauvøyvær med i underregion 30.02: Værran i Salten, medan Bø landskapsområde er ein del av underregion 29.06: Ytre Hamarøy og Steigen. Sjå kart på neste side.

Dei neste kapitla tek for seg avgrensing og skildring av landskapsområdet Bø på Engeløya i Steigen kommune. Deretter kjem ei skjematisk analyse av kva for ressursar i landskapet som kan knyttast direkte til opplevingsmåtene sjå, vere, gjere og lære. Så følgjer ei vurdering av landskapsressursane i Bø-området sett i forhold til eit reiselivstilbod innanfor natur, kultur og helse, som førebels er på skissestadiet. Analysen inneheld ingen vurderingar av reiselivs-marknadar eller kursmarknadar innan området natur-kultur-helse.

Metodisk tilnærming for inndeling av landet i regionar, underregionar og landskapsområde, og vurdering av landskapet som ressurs mtp. reiselivsopplevingar, er forklara i NIJOS-rapporten ”Landskapet og reiselivsproduktet” (Kamfjord, m.fl.1997). Denne prosjektrapporten er eit praktisk døme på korleis metoden kan brukast og tilpassast ulike ynskje frå brukarane. Metodiske begrensingar er særleg knytta til evaluering av landskapskarakter (attraksjonsstyrke) og vurdering av reiselivstilbod:

*Landskapskarakteren* til kvart område blir vanlegvis vurdert opp i mot resten av underregionen og regionen. NIJOS har ikkje tidlegare kartlagt dei aktuelle underregionane for Steigen, og det var heller ikkje midlar til ei slik kartlegging i dette prosjektet. Metodisk inneber dette at NIJOS ikkje kan plassere undersøkingsområdet inn i ei landskapsfagleg referanseramme på underregions-nivå, slik metoden legg opp til. *Attraksjonsstyrken* til Bø kan dermed ikkje avklarast i eit regionalt perspektiv. Vurderingane i denne rapporten er difor berre basert på den kunnskap NIJOS fekk om kommunen i løpet av fem dagar i felt. *Reiselivsprofilen* er utarbeidd etter den malen som metoderapporten skisserer.



## 2. Landskapsanalyse Bø, Engeløya

Landskapsanalysen på neste side skildrar dei seks hovudkomponentane som eit landskap er bygd opp av: Landform, geologiske særdrag, vatn og vassdrag, vegetasjon, jordbruksmark og busetnad og andre tekniske anlegg. Kvar komponent blir gitt ein til tre stjerner (\*) alt etter kor viktig denne komponenten er for heilheitsinntrykket av landskapsbildet. (Tre stjerner betyr at landskapskomponenten er dominerande i landskapet og avgjerande for avgrensing av landskapsområdet, medan ei stjerne betyr at komponenten er vesentleg for ein mindre del, eller ikkje særleg framtrедande i landskapsbildet. Ingen stjerner betyr at komponenten ikkje finst eller er utan betydning for landskapsbildet). Totalinntrykket av samspelet mellom desse komponentane er oppsummert som landskapskarakter.

Område med liknande landskapskarakter kan grupperast i landskapstypar. Bø på Engeløya høyrer med til dei opne, stort utforma landskapsromma langsetter kysten av Helgeland og Salten som er prega av jordbruk. Desse områda har «ytterside»-karakter med store kvite strender (sanddynelandskap) og lite skjergard utanfor. Førebels er denne landskapstypen kalla «Storforma havvendte kystbygder i Helgeland og Salten».

Sidan NIJOS ikkje har kartlagt heile regionen, og difor heller ikkje har full oversikt over under-regionen eller landskapstypen, er evalueringa av landskapet her gjort noko enklare, enn det som rapporten «Landskapet og reiselivsproduktet» legg opp til. NIJOS har i dag ikkje grunnlag for å seie om landskapsområde Bø er eit A1- eller A2-område, sett i forhold til resten av regionen. Det er difor brukt ein tredelt skala (A-B-C) i staden for ein femdelt (A1-A2-B1-B2-C).



Utsikt frå Steigskaret utover landskapsområdet Bø på Engeløya. Bøanden og Mjeldberget ligg til høgre bak i bildet, medan området Aksla og Grådussan ligg til venstre. Lofotveggen i bakgrunnen. (HL)

## 2.1 Landskapsskildring

<b>29.01</b>	Kystbygder i Helgeland og Salten, Ytre Hamarøy og Salten. <b>Landskapsområde: Bø, Engeløya</b>	KOR VIKTIG
HOVUDFORMA I LANDSKAPET	Lågt forland framom den buktande fjellryggen med mange jamnstore, trekanta fjelltoppar som ligg i halvsirkel kring den breide vika. Så lenge ein reiser langsetter strandflata er det opne landskapsrommet avgrensa av Lofotveggen over mest heile synsranda. Skjergarden kring Valsvær – Lauvøya avgrensar området i sørvest.	*** A
GEOLOGISK INNREIING	Den breide nordvest-vende strandflata er sandrik, og mange stader er grasdekket borte, slik at den kvite finkorna sanden ligg i dagen. Bøsandene er ei stor, breid sandstrand (omlag 2 km. lang) som skapar variasjon og representerer store opplevingskvalitetar. Den kvite stranda med store sanddyner går i nordenden over i grov rullesteinsstrand av rosa gneisgranitt. Bak på strandflata er eit sanddynelandskap, for det meste dekt av lynghei og bjørkeskog. Eit stort myrområde innunder fjellrekkja utgjer ca. 2 km <sup>2</sup> . Enkelte små koller som restar av eit strandknauslandskap i Grådussanområdet. Desse dannar ein lågtliggjande ytre skjerm for Lofothavet som her står rett på utan vidare skjergard (undervasskjer).	*** A
VATN OG VASSDRAG	Stor variasjon i strandlinja, sjølv om den er mindre oppdelt og har større linjeføring enn mange andre strandavsnitt i regionen. Fleire vikar med lys sand er svært langgrunne, og skapar store område med turkisgrønt vatn når det er flo. Fleire mindre elver frå myrområda meandrerer forsiktig ned mot strendene, og gjer for så vidt lite av seg i det flate landskapet. Berre ein bekk renn ned frå nokre små-tjern oppi fjellet nedunder Prestkona.	** A
VEGETASJON	Sparsamt vegetasjonsdekke på strandflata, særleg der denne er utsett for ver og vind. Det opne landskapsrommet er i ferd med å endre seg, skogen kjem i liene, som er friskfuktige og frodige. Mesteparten av åssidene er kledd med ganske storvaksen bjørkeskog no. Enkelte breide fjellryggar og bratte, høgareliggjande lisider har den karakteristiske grønne kystlyngheia med tett kreklingdekke. Bjørkeskogen er i ferd med å vekse opp også på slike verutsette område.	** B
JORDBRUKS- MARK	Beiteprega vegetasjon på strandflata mot strendene, særleg kring den store vika i sørvest og i dei jamnt bratte liene innunder Mjeldtind. Mange gardar på strandflata driv med mjølkeproduksjon. Relativt få sauebønder noko som gjer til at beita i utmarka gror att med lauvskog. Likevel eit godt inntrykk av jordbruksland i hevd, og utan store uheldige utformingar av jordbruksmarka.	*** A
BUSETNAD OG TEKNISKE ANLEGG	Vegane gjer lite av seg i det flate landskapet, men hovudvegen gjennom bygda kunne med fordel hatt ei mjukare linjeføring. Vegane følgjer terrenget godt, utan store skjeringar. Bygg og anlegg knytta til landbruket pregar området, ikkje minst den store, blanke, blåsvarte siloen som er eit nytt landemerke i området, og ruvar over den ellers utan unntak låge busetnaden. Området er fullt av fornminne frå jernalder og bronsealder, med mange store gravfelt. Av kulturminne frå nyare tid, er det batteri Dietl frå siste krig i området Grådussan som pregar staden. Bunkerar o.a. bygg som det var mange av her er stort sett jamna med jorda (Her budde om lag 10-12 000 framande folk under krigen.)	** B
LANDSKAPS- KARAKTER	Heilheitleg landskap, dramatisk, men likevel mildare i uttrykksformen enn andre delar av regionen. Frå strandflata er heile det opne, mest sirkelforma området kransa av spisse, taggute tinderekker. Lofotveggen er med og dannar ein del av denne sirkelen, slik at området opplevast som stort, men samstundes skjerna. Utsikta mot Lofoten underbygger slagordet "orkesterplass" til Lofotveggen og midnattsola.	A



Inne på den breie strandflata finn vi eit sanddynelandskap med lyng og bjørkeskog. Litt lenger inn er det og planta gran. Den breie fjellryggen opp mot Hanekammen (t.h.) og Prestkona har eit tett dekke av krekling, typisk for kystlyngheia. Sjølv på verutsette stader er bjørkeskogen no i ferd med å vekse opp. (HL)



Utsikt frå strandknauslandskapet ved Grådussan mot Bøsanden. Det karakteristiske Mjeldberget reiser seg opp over Bøsanden (venstre del av bildet). (RL)

## 2.2 Landskapsressursar og reiselivsutvikling

Skjematisk analyse av Bø-området på Engeløya i Steigen kommune

Bø (Engeløya)	Landskapstype: Storforma havvendte bygder i Helgeland og Salten			
OPPLEVINGSMÅTE LANDSKAPS - KOMPONENT	sjå	vere	gjere	lære
HOVUDFORMA I LANDSKAPET * * * A	Spektakulær, frodig og litt skjerma natur. Midnattsol over Lofotveggen i nord, Engeløyas tindar som bakvegg i sør.	Vere i eit stort, sirkelforma overordna landskapsrom v/Vestfjorden med ”orkesterplass” til Lofotveggen.	Spennande tur langs sjøen og til alle tindane	Strandflate-danning
GEOLOGISK INNREIING * * A	Enorm sandstrand med sanddyne-landskap og storsteina rullesteinsstrender	Vere på store, kvite strender mot open fjord og Lofottindar. Strandknauslandskap med små rom i det store overordna	Sole seg på den flotte Bø-stranda (over 1 km.lang), spele volleyball, gå tur. Flott rideterreng.	Geologiske lausmassar: strandformer, sanddyner. (Geologiske kart m/rapportar)
VATN OG VASSDRAG * * * B	Havet utgjer halve golvet i området. Sjøen har store bukter med kvit sand som gir turkisgrønt vatn. Store endringar ved flo/fjøre.	Skiftande ver, lys og bølger gjer opplevinga ved havet spennande. Ingen skjærgard, men likevel litt beskytta (ikkje ope hav mot horisonten).	Bade ved lett tilgjengeleg og opparbeida strand. (Fiske frå småbåt meir aktuelt på ”innersida”, i den skjerma skjærgarden sør for Engeløya.)	truleg mindre aktuelt her
VEGETASJON * * B	Blomsterrik, frodiggrøn vegetasjon. Mange næringskrevjande urtar og gras. (T.d. reinroseheier).	Den frodige vegetasjonen gir landskapet eit venleg preg (skjerma og mindre dramatisk). Frodig over alt (strand, skog, fjell).	Botanisering	Botanisering
JORDBRUKSMARK * * * A	Aktivt og moderne jordbrukslandskap med mange kyr på beite. Ikkje fiskeri (berre ei lita naustrekke m/priv. småbåtar).	Vere i ei aktiv jordbruksbygd som ikkje er prega av nedlegging og attgroing.	Lite tilgjengeleg, treng tilrettelegging.	Gamalt kulturlandskap: Lære om bruken av marka til jordbruk og skogbruk gjennom fleire tusen år.
BUSETNAD OG TEKNISKE ANLEGG * * A	Meir eller mindre samanhengande jordbrukslandskap gjennom fleire tusen år. Ny, høg kornsilo einaste landemerke. Svært mange fornminne. Dramatisk krigshistorie: Stor tysk kystfestningsanlegg.	Vere i eit landskap som alltid har vore strategisk viktig i Nordlandsleia. (Tyske anlegg er t.d. plassert oppå fornminnene frå bronse- og jernalder).	Mange småveggar eigna for å gå tur, sykle eller ri. Høve for mange toppturar (lett til vanskeleg). Lett tilgjengelege fornminne og krigsminne.	Historisk bruk av landskapet gjennom synlege spor frå mange epoker, heilt tilbake til steinalderen. Lære om siste krig og sjå denne krigen i eit historisk perspektiv.

LANDSKAPS-KARAKTER	<p>Eksponeeringsprofil: <b>”Orkesterplass” til Lofotveggen</b> Her er eit dramatisk, heilskapleg, men samstundes frodig og meir beskytta landskap enn det ein ser over til, nemleg Lofoten. Fastlandet er frodigare og mindre utsett, og fjella noko mindre ruvande ytterst mot fjorden. Her opplevast midnattsola mot taggute tinderekker i nord, og badestranda i Bø er av ypparste kvalitet. Her er få folk og lite turisttilbod, bortsett frå ei forsiktig tilrettelegging for aktivitetar som turgåing (toppturar) og bading/strandliv. Det å sjå og vere i eit landskap med heilheitleg preg gir ro, her er det lite som forstyrrar deg på turen. Store delar av strandsona er lett tilgjengeleg.</p>
A	
Midnattsol mot taggute Lofottindar	
Dramatisk krigshistorie i storslått natur	<p>Eksponeeringsprofil: <b>Batteri Dietl - tyskeranes største kononstillinger</b> Batteri Dietl som ligg ytst på Grådussan, hadde tre av dei sju største kononstillingane i det nazistiske sjøforsvarsverket i Norge under siste krig. I tilknytning til stillingane var det eit stort opplegg med forsvarsverk, mange soldatar og fangeleirar med fem tusen krigsfangar. Det einaste turisttilbodet er knytta til bunkersar og kononstillinger frå siste krig (liten kiosk, omvisning og utstillingar). Heile området er lett tilgjengeleg, og er sjølvstøtt strategisk plassert (største og beste oversikt over Vestfjorden frå fastlandssida).</p>
Kulturminne i storslått natur	
Krigsminnesmerke	
Sentrum for verdsleg makt og åndelege verdiar i fleire årtusen	<p>Opplevingsprofil: <b>Maktsentrum gjennom mange tusen år</b> Området har vore viktig for åndelege verdiar og verdsleg makt gjennom mange tusen år. Men, fire år av siste krig overskyggar lett dei mange historiske minnesmerka frå meir enn 6000 år med busetnad i området. Den største buplassen frå yngre steinalder ligg under flygesandekket på Bøsanden. Her er også gravhaugar, felt med hellekiste-graver, bronsealderrøyser, spor etter ringtun osv. Ei vidare tilrettelegging med oppmerking, opparbeiding av stinett, skriftleg informasjon og tilbod om guiding vil underbygge opplevingsprofilen ytterlegare (historiske stader, historiske personar, syn og segn knytta til området). Viktig å knytte Bø til Vollmoen/Stegen. Ved å utvide ”Steigen fortidspark” til å gjelde fornminnene i heile Bø-området ville ein styrke ein slik profil ytterlegare, og utnytte den satsinga ”Fotefar mot Nord” representerer.</p>

Figur 2 **Ressursanalyse** landskapsressursar - reiselivsutvikling. Aktuelle aktivitetar er gruppert etter hovudformer for oppleving og vurdert i forhold til reiselivsprofilen til området. **Eksponeeringsprofil** (raster): det unike som trekkjer turistane til området og **opplevingsprofil** (ingen farge): det som gjer at turistane blir verande lenger).

Reiselivsprofilen er samansett, og det er glidande overgangar mellom det som trekkjer folk hit, og det som får dei til å bli lenger. **Landskapskarakteren** underbygger likevel ei slik rekkefølge: 1) Panorama mot Vestfjorden, Lofotveggen og midnattsola. 2) Batteri Dietl. 3) Fornminner i storslått natur.

**Eksponeeringsprofilen:** Området har eit panorama av svært høge landskapskvalitetar, her er få folk og god plass, noko som skapar rammer for naturkontemplasjon, det å koma nær naturen og nær seg sjølv. (Sjå og vere- opplevingar). Samstundes ruver området slik i kulturhistoria at kulturminna kan vere eigna for å fange folk si oppmerksomheit (sjå, vere og lære- opplevingar). Eksponeeringsprofilen er difor samansett.

**Opplevingsprofilen** er lite utvikla, men potensialet er klart størst når det gjeld dei kulturhistoriske minnene i landskapet. Det er truleg læringsbiten knytta til kulturhistoria som kan utviklast mest. Området har så mange fornminne og andre kulturminne at ein lyt ha fleire dagar for å få med seg alt, sjølv om ein har guide med seg. Ein kan og utvikle aktivitetar knytta til naturoppleving og jordbruket (gjere og lære-opplevingar). I den nye turboka for Steigen og nabokommunane er det 10 oppmuntrande turskildringar berre for den vesle Engeløya. Det burde vere høve for gardsturisme sidan området også manglar overnattingstilbod (her er m.a. mange eldre nordlandslån som ville vere attraktive utleigeobjekt om dei vart pussa opp rett).



Orkesterplass til Lofotveggen og midnattsola. Midnattsola går i den lysaste årstida ikkje eingong ned bakom fjella, men dansar liksom langsetter den taggute tanngarden til Lofotfjella. Vågakallen reiser seg majestetisk og er eit kjendt og kjærte seglemerke for båtane som kjem sørfrå. (HL)



Batteri Dietl. Dette er fundamentet til ein av dei tre enorme kanonane som stod her. Løpet i kanonane hadde eit indre tverrmål på 40 cm. og herifrå kunne ein nå mål heilt på andre sida av Vestfjorden. (RL)



### 3. Steigen – landskapskarakter og reiselivsprofil

NIJOS har ikkje analysert underregionane som Steigen-landskapet er delt inn i. Underteikna har heller ikkje vore i alle delar av kommunen. Vi kan i denne rapporten difor ikkje seie mykje om kommunen sin reiselivsprofil *utifrå landskapskarakter*. Temaet vart likevel diskutert ved fleire høve under feltarbeidet. Det vart ofte hevda at det er ”vanskeleg å danke ut landskapskvalitetane til «naboen» Lofoten, som attpåtil er eit fyrtårn i internasjonal marknadsføring” (Bjørli, Løken og Stensland, pers.med.) Dette er også diskutert av Lilleseth (1997).

Ut frå eit slikt resonnement kan det vere taktisk rett å fyrst fokusere på dei særeigne kulturminnene og kystkulturen, og deretter på dei fantastiske omgjevnadane. Det vil seie at eksponeringsprofilen for kommunen fyrst kunne fokusere på Nordlandsleia, dei gamle handelsstadane og nærleiken til Lofotfisket. Så legge vekt på kommunen si strategiske plassering: Den grøderike jorda og dei gode fiskeplassane gjorde dette til eit av dei viktigaste sentrum for makt og myndigheit i Nord-Norge gjennom mange hundre år (Steigartinget i Hålogaland). Siste krig viste på nytt kor strategisk kommunen ligg til ved Vestfjorden. Batteri Dietl, med nokre av dei største kanonstillingane i det tyske sjøforsvaret, vart lagt hit for å overvake leia inn til Narvik. Deretter fortelje at her kan ein oppleve midnattsola danse langsetter Lofotveggens tindar, frå ei av dei nydelegaste sandstrendene i Nordland. (Eller fiske ”rare” fiskar i den spesielt artsrike og fiskerike Mørsvikfjorden, osv. osv.)

Lilleseth (1997) har analysert det meste som gjeld infrastruktur, turisttilbod og generelle servicetilbod i kommunen. Det er klart at det manglar mykje for å kunne seie at ein har ei tilrettelegging som viser at ein har tenkt på turistane og verkeleg ynskjer dei velkomne (omtanke for gjestene gjennom god tilrettelegging). Dette er det viktig å understreke i marknadsføringa, ved å t.d. profilere seg som ”alternativet utanfor allfarveg”, staden som er verdt å besøke for den som har god tid. Men det er mogleg at ein kan understreke landskapskvalitetane ved å profilere seg som ”staden for dei som søkte ro og fred i Lofoten og fann ei turistmaskin...”, altså det rolege alternativet til Lofoten. Her er ingen turistmaskin, men små grendesamfunn og mange natur- og kulturperler for den som likar å ”finne vegen sjølv” (også når det gjeld kvar du kan få varm mat klokka halv åtte ein sundagskveld.). Alle reiselivsundersøkjingar viser at folk legg vekt på vakker natur, og det må kome godt fram i marknadsføringa at Steigen har ein flott og variert Nordlandsnatur.

På grunn av manglande turistmessig infrastruktur og heilheitleg reiselivssatsing generelt (inkludert skilting, vanskeleg/tungvindt offentleg kommunikasjon osv.) er det særleg organisert dagsturisme som det ligg til rette for i dag. (Det er ingen bedrifter som kan ta imot ein buss med overnattingsgjester). For generelle vurderingar av det totale reiselivsproduktet for Steigen sett under eitt, viser ein til rapporten ”Landskapet og reiselivproduktet” (Kamfjord m.fl., 1997) og oversikta gitt i hovudoppgåva til Lilleseth (1997).



Bøsanden er ein populær utfartsstad når sola skin. Her er reine sydenstemninga, med fantastisk sandstrand og turkisfarga hav. To nett for sandvolleyball er også flittig i bruk. Temperaturen i vatnet og synet av den majestetiske Lofotveggen minner oss likevel fort om kva for breiddegrad vi er på. (HL)



Langsetter eit høgdedrag på nordsida av Grådussan og Akslaområdet ligg det eit felt med godt bevarte hellekistegraver. Rett ovanfor står restane av ein gamal lyttepost midt inni ei bronsealderreøys. I bakgrunnen ser vi gardane i Bø, med Bøsanden lengst til venstre. (HL)

## 4. Bø landskapsområde, Engeløya

### 4.1 Landskapsoppleveling, natur og kultur

Underteikna opplevde landskapet på denne måten fyrste gongen eg kom til Bø: Fyrst panoramaet, deretter kanonstillingane og så det eldgamle kulturlandskapet, og til slutt det fantastiske panoramaet ein gong til. Ringen var slutta, men landskapet hadde gjennom denne presentasjonen fått ein visuell-estetisk, fysisk, historisk og ”åndeleg” dimensjon. Ikkje minst avdi vi hadde Anne Grethe Bjørlo med oss som guide. Ho formidla verdiane i landskapet knytta til landskapsbilde, historie og kulturminner slik at vi såg for oss korleis folk kunne ha levd her gjennom fleire tusen år. (Det vakre og storslagne landskapet frå dei beste utsiktspostane, den dramatiske og tragiske historia knytta til krigsminnene, det mytiske knytta til norrøn mytologi, fornminner og gamle segn i området). Etter slike opplevingar er det godt å kunne trekke seg tilbake til ein stein med god utsikt, og berre vere til, nyte, kjenne etter kor godt dette området er for kropp og sjel.

#### 4.1.1 Panorama over Vestfjorden og Lofottindane

Landskapskarakteren er prega av det storslagne panoramaet i dette skålforma landskapsrommet som er avgrensa i horisonten av ein taggut Lofot-tanngard. Badestranda er eit kapittel for seg, den er berre stor. Fyrsteintrykket er eit storslått, men frodig og venleg kystlandskap, og ein av dei stadane der midnattsol-opplevinga må seiast å vere både svært inntrykksterk og relativt unik.

#### 4.1.2 Dramatisk krigshistorie

Under den siste verdskrigen kom også Steigen på verdskartet med bygginga av Batteri Dietl, eit av dei største sjøforsvarsverka i Nord-Europa. I den dramatiske og dels traumatiske krigshistoria som er knytta til områda innerter Vestfjorden mot Narvik, spelte også Steigen etterkvart ei viktig rolle. Området kring Grådussan har spor etter dei enorme kanonstillingane. Heldigvis vart dei aldri tekne i bruk til anna enn øvingsformål. Her var også strategisk viktige lyttestasjonar, radarstasjonar m.m. Lenger bak på strandflata låg alt frå bakeri og varietet til fangeleirar og den store gravplassen for alle krigsfangane som bukka under. Dette er triste hendingar som ikkje akkurat gjer det triveleg å opphalde seg lenge på ein slik plass, dersom det er krigsminnene som får lov å dominere landskapsopplevinga.

#### 4.1.3 Folk og virke gjennom 6000 år

Landskapsopplevinga blir også farga av den kulturhistoriske djubda som dette landskapet har. Etterkvart som ein lærer om kva vi har kring oss, og lærer å sjå alle dei fornminnene som ligg i dagen (store samlingar med gravhaugar, gravfelt m.m), snur denne innsikta synet på landskapet. Skuggen som dei fem siste krigsåra kasta over både Grådussan og resten av området, bleiknar, avdi spora frå 6000 år med historie (og dels svært dramatisk historie) skin igjennom. Ved Batteri Dietl blir det fokusert mykje på dette. Når folk fyrst har fått ei omvisning, sett bildespelet, bunkersane og andre spor frå krigen, blir dei gjort merksame på andre spor i landskapet. Lyttepostar vart t.d. lagt midt oppå bronsealderrøyser og gravhaugar frå vikingtid. (Alle fornminnene vart faktisk arkeologisk utgravne før tyskarane inntok dei, slik at ein i dag har stor kunnskap om området.) Det er berre krigsminnene på yttersida av Grådussan (kanon-stillingane) som i dag verkeleg pregar landskapsbildet.

## 4.2 Landskap som metafor

### 4.2.1 Kva gir trivsel og god helse?

Opplevingsprofilen kan utvilsamt spele vidare på panorama ved å kvalitetssikre tilgang til gode ”sjå og vere-plassar”. Det å stresse ned, falle til ro og bli i stand til å verkeleg opne seg for inntrykk, kan vere ei stor og kanskje til og med ”eksklusiv” oppleving for folk. Den som klarar å gi (stressa) turistar av i dag ei slik oppleving, har svært sannsynleg skaffa seg både gjenkjøp og ivrig ambassadørar.

Landskap blir ofte skildra gjennom *metaforar*. Metaforar fortel oss korleis folk opplever landskap på så mange plan at det formar seg ei erfaring som også opplevast kroppslig (Blichner, pers.med). Vi brukar ofte uttrykk som å gå ein tung veg, slite i motbakke, sjå ei lysning osv. For folk som har eller har hatt kreft (ei mogleg kursgruppe) kan dette landskapet kanskje virke sterkt på meir enn ein måte. For det planlagte reiselivstilbodet blir det viktig å få fram det vakre og sterke landskapet. Under omvisninga ved Batteri Dietl vart det tala om å *ta tilbake* landskapet ved å lære å sjå heile historia, heile dette landskapet sin *identitet*. *Setje krigen i rett perspektiv*. *Legge bak seg* det vonde, ikkje ved å gløyme, men ved ta med seg lærdomen inn i framtida, og gjere erfaringane om til positiv og skapande energi.

Metaforane uttrykker ei *subjektiv* oppleving (vurdering/erfaring) av landskapet, noko ein kan vere enig eller uenig i. Subjektiviteten kan oppklarast noko ved å skildre kva landskapskvalitetar vi meiner er viktige for begrep som mangfald, heilheit, intensitet og inntrykkstyrke. Eksempelet her er teke det med for å vise korleis ein kan jobbe vidare med kvalitetar i landskapet for å forstå meir om korleis omgjevningane påverkar oss. Metafortilnærminga kan og nyttast som ein del av produktutviklings-prosessen, for å leite etter kvalitetar som er viktige for dei opplevingane ein ynskjer å gi gjestene. Eller for å finne ut kva for kvalitetar *gjestene* ynskjer.

### 4.2.2 Landskapskvalitetar og landskapopplevingar i Bø

Det å sitje på ei av strendene, kvile auga på Vågakallen, Skrova og Lillemolla, og heile resten av Lofotveggen, i eit landskapsrom utan støy frå mange motorar eller mange folk, kan opplevast som både stort (sterkt) og samstundes fredfullt. Planane om eit kurs-senter for tema innan natur-kultur-helse i eit så kraftfullt landskap vil slik sett spele på kvalitetane i landskapet, og gjere det faktum at det er fred og ro her til eit konkurransefortrinn.

- Det visuelle landskapet i Bø har mange kvalitetar som ofte blir kobla mot metaforen *å falle til ro*: Her er eit stort utsyn og eit lettforståeleg landskap, men samstundes er det mykje å *kvile auga på*. Ein får raskt oversikt, fordi landskapsbildet er *lett å fatte* (store flater, klare liner. Ikkje komplekst, uoversiktleg, overraskande eller merkeleg/uforståeleg).
- Det er harmoni mellom dei ulike landskapskomponentane slik området framstår i dag: Her er ingen store naturinngrep eller forstyrrende element som bryt det heilskaplege inntrykket av eit kulturlandskap i harmoni med naturkreftene. Mennesket har innordna seg naturen, bygd der det høver best, dyrka der det let seg gjere, latt dei mest sårbare områda vere i fred. Her er ingen store naturinngrep. Det einaste bygget som verkar framand er ein stor kornsilo, men denne ligg godt trekt tilbake inne på strandflata.
- Kontrastane i landskapet er store, og knytta til dei fire grunn-elementa som mennesket er avhengige av, eld, luft, jord og vatn. Desse fire elementa opptrer klart (store

samanghengande former og flater, klare og sterke linjer, store og varierte kontrastar i farge) og derfor også symbolsk i landskapet: Eld (midnattsol eller fråver av sol), luft (stor og skiftande nord-himmel), jord (skjermande fjellrekkjer, grøderikt jordbruksland) og vatn (Lofothavet utgjer halve golvet i landskapsrommet). Luft og hav utgjer størsteparten av det overordna landskapsrommet.

Kontrastane gjer landskapet dramatisk og inntrykkssterkt. Men det opne, lyse rommet gjer det samstundes lett å vere til. (For mange vil dette gjere til at ein kjenner seg fri, at det blir lettare å puste, at ein blir lettare til sinns. Samanlikne t.d. med ein trong Vestlandsdal, der elva går i eit djupt gjel, himmelen er ei smal stripe rett over, og sola berre skin nokre få timar om dagen.)

Det å lære om **kulturhistoria** ved å t.d. vere med på guida turar i Grådussan-området, kan klart utviklast vidare. Minst like spennande er det å få lære om fornminnene elles i området. Her ligg det til rette for fantastiske turar som kombinerer panorama, strand-opplevingar og spennande fornminner som t.d store gravfelt med prosesjonsveggar og mykje anna.

Tiltak som vil kunne få folk til å bli lenger, er å gjere turistane merksame på kva for spennande og lett tilgjengeleg turterreng Engeløya har. Ein kan starte med å føre dei over Steigskaret, langs den eldgamle holvegen. ”**På tur**”-boka for dei fire komunane i Nord-Salten er godt skriven og viser kva for potensiale Engeløya har (flott panorama, lett tilgjenge, 10 fornøyelege turforslag berre på denne vesle øya). Fjellturar med guide vil sjølvsagt vere ei foredling av desse ressursane. Likeså det å sykle eller å ri i området, eller med utgangspunkt i området.

### 4.3 Bø, Engeløya og resten av Steigen

#### 4.3.1 Reiselivstilbod i Bø sett i forhold til resten av kommunen

Andre aktivitetar som har med *kystkultur* å gjere, vil vere meir aktuelle i naboombåda på sørvestsida av øya. Båtturar og fising vil truleg vere meir attraktivt og spennande i skjærgarden utanfor Stegen (Valsvær - Løvøya - Røssøya), då Bø-området er verutsett og manglar hamn/kaianlegg. Det skjerma, sør-vende Stegen- området har ein heilt annan og meir kulturprega landskapskarakter. Her er det jordbruk, fiske og fornminner som dominerer. Kulturhistorisk er det viktig å fokusere på *havet* som kontaktformidlar (ikkje hinder), *båten* som framkomstmiddel og *leia* utanfor Steigen som riksveg nummer ein like fram til midten av vårt århundre. «*Båtane i nord*» kan godt vere ein del av denne profileringa.

Ei slik profilering vil opne for å nytte nordlandsbåten, ottringen, fembøringen og veteranbåtar i aktivitets- og lære-opplegg. Steigen har vidgjetne handelsstader som Grøttøy (siste stopp før Vestfjorden for alle båtane som skulle på Lofotfiske) og Løvøy. Løvøy ligg i naboombådet til Bø, og er ei kulturperle både når det gjeld bygningar og kulturlandskap. Dei moderne tokjøla (norskproduserte) snøggbåtane er ein av dei enklaste måtane for turistane å koma seg til kommunen på. Båt-vinklinga ville slik sett spele på eksponeringsprofilen til landsdelen, og underbygge ein profil som Steigen er tent med. (Berre hurtigruta manglar i Steigen sin skjergard). Prosjekteigaren er sjølv spesielt interessert i gamle båtar og har kontakt med folk som er interessert i å samarbeide om slike båtprosjekt.

Dersom ein ynskjer å utvikle eit reiselivsopplegg som har med *natur, kultur og helse* å gjere, skulle det altså vere gode byggesteinar i Bø-området når det gjeld dei to fyrste komponentane. Men, det vil vere naudsynt å trekke inn *heile resten av kommunen*, for å kunne tilby *varierte* opplevingar for folk som ynskjer å vere ei eller fleire veker her. Helse-biten vil vere avhengig av ressursar som er mindre stadeigne. Denne delen er det svært viktig å finne ut av i forhold til marknaden. Helse-delen har likevel to sider som er direkte eller indirekte knytta til landskapet, og som er grunnleggande for både fysisk og psykisk helse: mat og mosjon.

#### 4.3.2 Helse, mat og mosjon

Hesdelen av det planlagte reiselivsproduktet er tenkt som forebyggjande tiltak og rekreasjon, det er ikkje snakk om behandlingstilbod med medisinsk personell. Det å fokusere på kulturhistoria også når det gjeld helse (forebygging/rekreasjon) opnar opp for spennande matprofilering: God og sunn mat frå fjell og fjord, og Steigbondens åker. Kva har Steigens spisskammers å by på i dag? Kva var det dei et i gamle dagar? Kommunen ligg nær rike fiskefelt, her er mange fjellvatn og interessante, fiskerike fjordar med spesielt mange fiskeartar. Steigen har framleis eit relativt variert jordbruk, både når det gjeld husdyrhald og dyrking av vekstar.

Ein av dei viktigaste grunnane til at folk heldt seg spreke før i tida, var matauk som fangst, sanking, jakt og fiske (ved sida av hardt fysisk arbeid). Her vil det vere viktig å finne ut av kva for ressursar som er tilgjengelege i dag, som frie gode, eller eventuelt mot betaling. Matauk-aktivitetar kan elles lett koma i konflikt med interessene til lokalbefolkninga, og her er det viktig å koma fram til gode ordningar. Det er heller ikkje alt som vi ynskjer å vise turistane, noko vil vi og ha for oss sjølve, anten det no gjeld moltemyrer eller kjære fiskeplassar. Då er det kanskje greit å høyre at det nest beste alternativet ofte vil vere himmelvidt over det turistane forventar (Flognfeldt, pers.med.).

## 5 Landskapsfagleg vurdering av produkt-idéen «*Helandia*»

### 5.1 Helandia – og det heilheitlege reiselivsproduktet

Vurderinga av den produktidéen som NIJOS har fått skissert gjennom samtalar med Anne Grethe Bjørlo er sett i forhold til det heilheitlege reiselivsproduktet slik det er omtala i rapporten ”landskapet og reiselivsproduktet”(Kamfjord m.fl. 1997). I denne analysen er det **områdedimensjonen** i reiselivsplanlegginga vi legg mest vekt på. NIJOS gjer merksam på at vi **ikkje** har gjort noka vurdering av marknadspotensiale, men lagt vekt på kvalitetar knytta til landskapet i Bø-området, og andre tilbod elles i kommunen som ein gjennom ei kort synfaring har fått inntrykk av er aktuelle å knytte opp mot tilbodet.

Arbeidstittelen *Helandia* er ifølge prosjekteigar vald for å kunne profilere kursa mot både det heilheitlege synet på mennesket og det heilheitlege synet på natur og landskap. Bedrifta skal bli ein integrert del av landskap og miljø. Ein legg m.a. vekt på økologisk byggeteknikk og berekraftige VVS-løysingar. God og gjennomført kvalitet når det gjeld mat og servering skal bli eit av kjennemerka for bedrifta. Nedanfor følgjer ein kort status for Bø-området. Vi viser elles til ressurskartlegginga som er gjort av Lilleseth (1997) når det gjeld oversikter og vurderingar av kva ein har og ikkje har i Steigen når det gjeld ulike produksjonsfaktorar.

- **Attraksjonar:** Bø-området har utvilsamt attraksjonar innan natur og kultur med stort brukarpotensiale i samband med eit senter for kurs og turisme. (Frisk luft, vakker natur, kulturhistorisk djubde som kan sjåast frå ei mengd innfallsvinklar). Batteri Dietl og dei mange fornminnene er tildels store kulturattraksjonar, innanfor kvar sine historiske epokar.
- **Tilrettelegging:** *Formidling* av attraksjonane må utvilsamt bli betre, men her er prosjekt-eigar ein av eldsjelene bak Batteri Dietl, noko som burde sikre denne sida med omsyn til kursproduktet. *Fysisk* tilrettelegging: Her er ingen plan eller styring av kvar bilane bør stoppe, kvar ein kan raste, søppelhandsaming osv. Ingen skilting av kva ein ser i terrenget eller skriftleg førar til det store anlegget (batteriet), for dei som kjem hit på eigahand.
- **Områdeprofil:** Det visuelle miljøet som ramme kring kulturattraksjonane må forberast, særleg dersom ein tenkjer seg å bygge opp dette kurs-senteret i tilknytning til området innanfor Grådussan. Akslaområdet er ei mogleg plassering som ein vurderer å undersøke vidare. Bøndene i Bø-området tek i det store og heile mange landskapsomsyn, gardane er veldrevne, her er mindre rot og rask og ”moldunga” enn mange andre stader. Mange av tuna ligg også skjerna til for innsyn, noko som burde gjere konfliktflaten mellom t.d. fotturisme/sykkelturisme og gardsdrift lite konfliktfylt.

Når det gjeld landskapsomsyn og terrengetilpassing, er det som regel meir eit spørsmål om korleis ting skal gjerast enn at det blir gjort. På neste side ser ein at like ved Aksla er rundballane plassert godt i terrenget. Det kan likevel vere spørsmål om ikkje t.d. rund-ballar med fordel kunne plasserast nærmare gardane (nær skogkratt, bygningar o.l.) enn her ute i dei mest opne og snaue områda. Siloen på bildet ligg rett ved vegen som går ut til Batteri Dietl, og bryt på mange måtar med landskapskarakteren her ute. Det er ingen tradisjon for slike frittliggjande bygg i jordbrukslandskapet, korkje i Steigen eller resten av regionen. For å understreke og framheve landskapskarakteren i Grådussan, vil det bli viktig å ta mykje omsyn til det opne, eksponerte landskapsbildet. Denne siloen kunne det kanskje vere råd å gjere noko med, dersom ein ynskjer å reindyrke landskapskarakteren og reiselivsprofilen til området.



Den vesle kollen «Aksla» ligg ikkje langt frå vegen ut mot Batteri Dietl. Dette er ei mogleg plassering av «Helandia-senteret». Ein ser for seg felleshus med serveringstilbod inntil kollen vendt mot vegen (mot nord). Overnattingshusa er tenkt bygd inn til kollen på sørvestsida. (AGB)



Bøndene i Bø tek mange landskapshensyn. Plassering av rundballar er likevel ei stor utfordring i eit så ope landskap. Det vidgjetne Steigskaret og Steigberget dannar saman med holmane utanfor grense mot neste landskapsområde: Valsvær-Lauvøyvær. Bildet er teke rett th. for Aksla (sjå over). (AGB)



## 5.2 Kort oppsummering: produkt og områdeprofil

Samspelet mellom det planlagte reiselivstilbudet (produktet) og områdeprofilen kan best illustrerast ved å ta utgangspunkt i eit av dei planlagte kursa. Vurderinga av planar om å byggje eit senter for kurs innan natur, kultur og helse kan i forhold til landskapskvalitetane vurderast slik når det gjeld det planlagte kurset «Frå kreft til kraft»:

### 5.1.1 Produktprofil

Produktprofilen sett i forhold til produktområde og områdeprofil kan skildrast med eksempel frå eit av dei planlagte kursa. Kurset ”Frå kreft til kraft” byggjer på ein grunnfilosofi om at god helse har minst tre dimensjonar: fysisk, mental og åndeleg, og at det er lettare å kome i kontakt med desse sidene i ein sjølv, når ein er i gode, sunne og sterke landskap. Aksla-området i Bø er etter prosjekteigar si oppfatting eit område med kvalitetar som høver for t.d. slike kurs. Anlegget skal byggast på ein grunn-ide utvikla frå ringtuna som ein finn i Bø og på Vollmoen. Husa skal vere sunne, og gjerne såkalla ”økologiske”. Ein tenkjer seg ei spenstig utforming, der form og plassering tek opp i seg ring-tunet frå vikingtida, og dermed viser veg bakover i historia, medan byggeteknikk vil ha både eldgamle og moderne innslag. Bygningane skal vere spesielt godt terrengtilpassa, og underordne seg natur- og kulturlandskapet.

Ein legg opp til bygging av mindre hytter for overnatting, slik at gjestene kan få høve til å trekke seg tilbake, og eit fellesthus for mat, sosialt samvær og læring. Den vesle kollen ”Aksla” er tenkt å utgjere ”sentrum” av ringtunet. Dvs. at i staden for eit tuntre som samlingspunkt, vil ein her få ein ”gardshaug” å gå opp på. Kollen vil samstundes kunne tene som eit utandørs klasserom. Overnattingsdelen er tenkt langsetter Aksla på sør- og nordsida, med hovudbygget (fellesthuset) mot nordvest. Det vil seie mot vegen utover til Grådussan, og mot midnattsola og Lofotveggen tinderekker. Bedrifta vil ha kapasitet på overnattings- og serveringssida til omkring 50 personar (1 buss + 1 kurs). Dette betyr at ein også vil kunne gi eit serveringstilbod til turistar som kjem til området pga. Batteri Dietl. Lokalbefolkninga nyttar og Grådussan som turområde, og senteret er meint som eit tilbod også til denne gruppa.

### 5.2.2 Produktområde

Kurs-senteret skal ha Bø som base, men ein vil knytte til seg mange av dei eksisterande turisttilboda og ressurspersonane som finst i kommunen. For å tilby eit heilheitleg reiselivstilbod med base i Bø-området, vil det vere naturleg å utvikle opplevings- og aktivitetstilbod direkte til desse områda: Bø-Steigskaret-Stegen, Bø-Brunneset, Bø-Røssøya-Løvøya, Bø-skjærgarden og øyværa kring Løvøya, Bø-Løvøya-Grøtøya-Nordfolda, og Bø-Hamarøy.

Det er klare liner mellom natur- og kulturlandskapet i Bø og området mot Brunneset, Vollmoen/Stegen. Vidare utover Røssøya og til Løvøya, der ein har eit fantastiske bygningsmiljø kring den gamle handelsstaden og eit av dei flottaste kulturlandskapa knytta til moderne og historisk jordbruk. Skjærgarden kring Løvøya og væra utanfor er skjerna av mange hundre øyer og holmar. Dette vil vere nærmaste område for aktivitetar knytta til eit rikt fiske. Heile leia er det naturleg å knytte til dei gamle ferdsels-måtane ved å bruke tradisjonsrike båtar som nordlandsbåt, ottring, fembøring og nyare veteranbåtar. Då blir det også aktuelt å sjå på heile strekninga frå Kjerringøy opp til Steigen, og knytte dei gamle, og erverdig restaurerte, handelsstadane saman ved å bruke desse båtene. Dette er og produkt som vil kunne vere aktuelle for reiselivet generelt.

### 5.2.3 Plassering og byggestil

Plasseringa av senteret kunne sikkert vore fleire stader på Engeløya. Midnattsolopplevinga er likevel så eksklusiv (og dermed også lett å profilere, selge) at det ville vere synd å ikkje legge senteret til ein svært solrik stad (både dag og natt). Aksla-området ligg svært sentralt til i dette landskapsområdet, og Bø har i det heile nokon av dei mest ekstreme naturkvalitetane i kommunen. Lyset og panoramaet over Vestfjorden er eineståande, og liknande finn ein elles berre på Brunneset. Ramma kring bedrifta vil slik sett vere svært god. Utforminga av bedrifta vil vere med å profilere den som ein naturvenleg institusjon som også legg stor vekt på kulturdimensjonen i tilveret. Anlegget slik det er skissert, burde etter dette vere svært godt tilpassa landskapskarakter, områdeprofil og produktidé.

### 5.2.4 Profilering

Ved den vidare profileringa av bedrifta bør ein vere spesielt merksam på å ivareta eit heilskapleg inntrykk av omsorg for mennesket, omsorg for naturmiljøet og omsorg for kulturmiljøet. Respekt for kulturhistorie og fornminne må vidareførast ved å vise respekt for lokalsamfunnet og den kystkultur ein har i dag. Ettersom områdedimensjonen er ein svært sentral del av dette produktet, vil omsynet til menneska som bur i Bø og resten av produktområdet bli viktig. Turistane og/eller kursdeltakarane må få kjensla av å vere velkomne til Engeløya og Steigen. Dette set og krav til kva for innstilling lokalsamfunnet og kommunen/det offentlege må ha til etableringa. Det er mange som er med på å forme dei landskapa denne bedrifta skal ha som ein av sine viktigaste produksjonsfaktorar. Alle desse aktørane må vere med å kvalitetssikre områdedimensjonen i dette miljøbaserte reiselivsproduktet, skal bedrifta lykkast. Ei slik kvalitetssikring må springe ut ifrå at folk har eigeninteresse i dette, og ikkje har noko imot at det får positive ringverknadar for andre brukarar av området.

Det same heilskaplege inntrykket må og underbyggast gjennom marknadsføringa av produktet. Miljøvenleg formidling (alt frå papirkvalitet til «image») og distribusjon, vil bli viktige signal overfor marknaden. Sidan transport-sida er ei av dei vanskelegaste områda når det gjeld miljø, vil det å vise miljøomsyn innebere forslag til gode og gjennomtenkte reisemåtar for å kome til Steigen.

### 5.3 Avsluttande kommentarar

Sidan produktet er på planleggingsstadiet er det ikkje enkelt å kome med fleire vurderingar i forhold til områdedimensjonen på noverande tidspunkt. Det er heller ikkje lett å gi fleire vurderingar mtp. tilrettelegging, så lenge ikkje marknadane er kjende.

NIJOS ynskjer å understreke at ein ikkje har gjort vurderingar i forhold til marknads-sida. Kunnskap om marknadane vil m.a. innebere kunnskap om (etter Kamfjord m.fl. 1997):

- Forbrukar-einingar (individ, par, familie, gruppe)
- Grunnleggjande behov og konkrete ynskje
- Forventningar
- Forventa atferd
- Kunnskap og ferdigheiter
- Haldningar
- Reisemønster
- Reiseorganisering

Kor mykje informasjon som det vidare er nødvendig å innhente, må alltid vegast opp mot kva som er ynskjeleg og kva som er mogleg. Dersom det er aktuelt å inngå samarbeid med andre institusjonar eller organisasjonar vil dette reiselivstilbodet raskt kome til å trenge originale primærundersøkjingar for å finne sitt marknadsgrunnlag. Ein måte å vurdere produktet på er å kjøre eit prøve-opplegg der ein testar ut kurs på aktuelle kundegrupper før ein set i gang med sjølve byggeprosjektet. Dette er det alt tenkt å gjere gjennom å nytte ei eksisterande brygge på Brunneset som base. Dette området har mange av dei same naturkvalitetane som Bø-området, og vil slik sett truleg gi ei god forståing av områdedimensjonen i det heilheitlege reiselivsproduktet.



## Kjeldemateriale

### Litteratur:

Bjerck, Hein Bjartmann. 1993. *Steigen fortidspark. I jernalderhøvdingens innerste rike*. Del av Fotefar mot nord-prosjektet, Landsdelsutvalget for Nord-Norge og Namdalen, Nordland Fylkeskommune og Steigen kommune.

Fredriksen, Kjell m.fl. 1997. *På tur i Hamarøy, Tysfjord, Steigen, Sørfold. Vandringer i gamle og nye far i spennende natur*. ISBN 82-993952-2-4/82-994448-0-2/82-994449-1-8/82-994450-0-0. Hamarøy kommune, Steigen kommune, Sørfold kommune, Tysfjord kommune.

Kamfjord, Georg. Lykkja, Hanne & Puschmann, Oskar. 1997. *Landskapet og reiselivsproduktet*. NIJOS-rapport 4/97. ISBN 82-7464-102-7. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.

Lilleseth, Trude Kristin. 1997. *Analyse av de ressursmessige forutsetninger for ferie- og fritidbetinget reiseliv i Steigen kommune*. Studentoppgave ved avdeling for reiseliv og samfunnsutvikling, Høgskolen i Lillehammer.

Sandmo, Anne Karine. 1987. *Steigen, naturperlen og historieperlen*. Steigen Historielag.

### Personlege meddelingar

Blichner, Bente. 1997. Forskar ved institutt for landskapsarkitektur, ved Norges Landbruks-høgskole. Ås. Foredrag om *Landskap som metafor* på SEVU-kurset «Landskapsarkitekturens teorigrunnlag». 18. -19. mars 1997. Norges Landbrukshøgskole, Ås

Bjørlo, Anne Grethe. Steigen turistservice. Prosjekteigar ”Helandia”. Samtalar under synfaringar i Steigen, august 1998 og møte på Ås, oktober 1998.

Flognfelt, Thor. Jr. Reiselivsforskar, Høgskolen i Lillehammer. Foredrag på Nordlandskonferansen for Reiseliv, Bodø, okt.-97.

Løken, Per. Miljøvernleiar, Steigen kommune. Samtale i samband med feltarbeid på Engeløya, august 1998.

Stensland, Ola. Steigen kommune. Samtale i samband med feltarbeid på Engeløya, august 1998.

**REGION 29. KYSTBYGDENE I HELGELAND OG SALTEN**

Regionen omfatter de indre delene av kysten i Nordland fra fjordmunningene til den ytre skjærgården. Det meste av landmassen består av halvøyer og øyer med høye fjell som landemerker. Regionen har en lang historisk kontinuitet med fast bosetting de siste fem tusen år.

**Naturforhold**

Berggrunnen veksler mellom kambrosilurbergarter og granitter, det medfører til dels store kontraster i form og frodighet. På Helgelandskysten lengst i sør hattfjelløyene Leka med serpentinit som gir øya dens karakteristiske rødgyldne farge, og høyreiste Vega med granitter i fjellene og kalkbergarter i lavlandet rundt. Kalkbergarter forekommer også i Gildeskål og rundt Brønnøysund. Fyllitt og glimmerskifer finnes på de fleste øyene og utgjør også det lave fotlandet rundt halvøyene som en del av strandflata. Bergartene er skifrige, vitrer lett og er næringsrike. De er de vanligst forekommende i regionen. Granittene, homogene krystallinske bergarter, gir massive og snaue, flere steder skarpskårne fjellformasjoner som rager høyt over det flate fotlandet. Flere av fjellformasjonene er nasjonalt kjente landemerker. Fordelingen av løsmassene varierer stort. Under marin grense som ligger rundt 60 - 70 m o.h., finnes leire på mer skjermete lokaliteter. På noe mer eksponerte steder finner vi strandavsetninger. Langs foten av bratte fjellpartier ligger vanligvis raskjegler, noen av dem meget store. Vittringsjord er vanlig i de deler av regionen som har kalkbergarter og skifer. Granittlandskapet er karrig. Hovedstrandlinjen fra Yngre Dryas-perioden er meget tydelig, den er ofte utviklet i løsmasser, men stedvis også i fast fjell. Fra samme periode finnes randmorener i tilknytning til botner. Klimaet er kjølig oseanisk med milde vintre. Vegetasjonen veksler mellom kysthei, noe myr, bjørkeskog og rike løvskogstyper (engskog) som dels er kulturpåvirket. Artsrike og kravfulle kalkknaussamfunn forekommer i nær tilknytning til bergarten. Flere steder i regionen finnes vegetasjonsløse granittflater selv helt ned mot havnivå. Noen av landets mest særegne sandstrender forekommer i regionen.

**Arealbruk**

Jordbruksbosettingen i regionen er relativt stor og gammel, kontinuerlig fra jernalderen til i dag. Det er først og fremst den rikelige tilgangen til selvdrenerte og næringsrike strandavsetninger som ligger til grunn for den tidlige og etterhvert også omfattende oppdyrkingen. I sørlige strøk spillte gods og storgårdsdannelser en viktig rolle i eldre tid, men også i dag finnes det flere store gårder her enn noe annet sted langs kysten. Jordbruksområdene står i klar kontrast til sterke naturelementer som fjellet og havet. For de mindre, og langt de fleste eiendommene har driften vært basert på den tradisjonelle kombinasjonen med fiske. I dag er kombinasjonsjordbruket i tilbakegang, og mange bruk er nedlagt og dels fraflyttet. Fisket er flere steder en betydelig virksomhet.

**Bebyggelse og andre kulturspor**

Regionen har en relativt stor bosetting, særlig langs fotlandet på fastlandet. Jordbruksstrukturen danner linjebebyggelse flere steder, ofte i fint samspill med de framtrekkende strandlinjer i området. På flere av de jordrike flatøyene finnes en nærmest sammenhengende bebyggelse, spredt bosetting er imidlertid vanlig for de fleste av øyene og hattøyene. Leka og Vega preges av jordbruksbebyggelse. Innslaget av trønderkultur er stort her, noe mindre markert oppover kysten. Tettsteder basert på virksomhet innen fiske er vanlig. Veier knytter sammen holmer og øyer der dette er mulig, men generelt er båtforbindelse viktig. Regionen har en høy andel av den tidligere bygningsmassen i behold, med mange helt intakte og vakre gårds- og

fiskeritilknyttede miljøer. Eldre bebyggelse er preget av nordlandsk byggeskikk. Bevarte rekketun og klyngetun forekommer. Sjøhus og naust er andre innslag. Regionens kulturlandskap er på mange måter udødeliggjort gjennom Petter Dass og Knut Hamsun sine fortreffelige skildringer. De senere årene har Bodø hatt en eventyrlig tilvekst og fått bypreg. Distriktet har rike fornminneområder fra ulike epoker, jernalderboplasser, jernaldergårder med gravfelter og middelaldertufter.

**Landskapsinntrykk**

Kyststrekning, storslagent, værhardt, men også lunt og frodig, noe som gir sterke kontraster. Skjærgård og fjellheim i et bratt møte, der fjellene stenger mot innlandet. Mye jordbrukslandskap og bebyggelse.

**REGION 30. NORDLANDSVÆRRAN**

Regionen omfatter de ytterste øyvær langs Nordlandskysten. Her er strandflaten i Norge på sitt bredeste.

**Naturforhold**

Vekslende berggrunn, stort sett bestående av fyllitter og glimmerskifre. Unntakene dannes av Lovunden og Trænstaven som skikkelige hattfjell, men de er nokså ulike. Lovundens fyllitter frodig vitrende sammenliknet med Trænstavens nakne vegger i foliert granitt. I Salten smalner øyriket til og består her for det meste bare av kambrosilurens lave øyer og skjær vekslet med strekninger der havet uhindret slår inn på fastlandskysten. Løsmasser er det lite av i dette renvaskete, nakne skjærgårdslandskapet. På hattfjelløyene ligger urer oppetter de bratte fjellsider. Små strender i vikene og noen sandtanger forekommer også.

Klimaet er kjølig oseanisk med milde vintre. Vegetasjonen er preget av åpne kystheier på de mest utsatte steder, der det er noe mer skjermet i en gjengroingsfase med bjørk og rogn.

Overraskende i dette mildest sagt åpne hav-øyriket, er den store frodigheten på de stedene der det er godt skjermet og lunt. Her kan det på det kalkrike jordsmonnet finnes en høy artsrikdom.

**Arealbruk**

Fiskeriene har vært og er helt dominerende i regionen. Tidligere var gårdsdriften sammen med fiske av betydning, men jordbruket er i dag sterkt redusert.

**Bebyggelse og andre kulturspor**

Bebyggelsen er konsentrert i værstrukturer, husklynger og tettsteder langs et skjermet sund eller rundt en god naturlig havn. Også spredt øybebyggelse forekommer, her har gårdsdriften hatt større betydning. En krevende kommunikasjon og spredt bosetning har ført til at flere av utværene ble fraflyttet de første tiårene etter krigen.

**Landskapsinntrykk**

Høy himmel, grunt hav med utallige øyer, holmer og skjær. De høyeste hattfjellene danner landemerker og gode med.





## **Norsk institutt for jord- og skogkartlegging**

*Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, NIJOS, er et frittstående institutt underlagt Landbruksdepartementet. Instituttets hovedoppgave er å skaffe partsnøytral informasjon om jord, skog, vegetasjon og landskapsressurser til bruk i planlegging, forvaltning, miljøvern og til naturbasert næringsvirksomhet.*

*NIJOS er ansvarlig for kartlegging av naturressursene innen sine fagområder, og er et nasjonalt kompetansesenter innen innsamling, bearbeiding og bruk av den samme informasjonen.*

*NIJOS har ansvaret for forvaltningstjenestene, som bl.a. tjenester til jordskifteverket, register over landbrukseiendommer, og ansvaret for faglig koordinering av geodata-samarbeidet innen og mellom landbruket og andre kartprodusenter (Geovekst).*

*Instituttet er temasenter for landbruket innen miljødatasamordning, og er landbrukets kompetansesenter innen skogbruksplanlegging og geografisk informasjonsteknologi.*

*NIJOS har spisskompetanse innen naturressurskartlegging og er på mange områder ledende innen utvikling og standardisering av metodikk både med hensyn på klassifikasjoner og datafangst. Instituttets styrke ligger spesielt i tverrfagligheten.*

*Med sine 140 ansatte, og nære samarbeid med andre fagmiljø, er NIJOS i dag blant de største leverandørene av naturfaglig informasjon i Norge.*

*Instituttet leverer informasjon som viser ressursbeholdning, tilstand og endringer over tid, muligheter for utnytting og konsekvenser av utnyttingsmåter.*

*Instituttet leverer brukertilpassede løsninger, og er et kompetansesenter for ressurskartlegging.*

### **NORSK INSTITUTT FOR JORD- OG SKOGKARTLEGGING**

P.O. Box 115, Raveien 9, N-1430 Ås  
Tlf.: + 4764949700 Fax: +4764949786  
e-mail: [nijos@nijos.no](mailto:nijos@nijos.no)  
URL: <http://www.nijos.no>